

Fra: Ottar Myrtveit <Ottar.Myrtveit@masfjorden.kommune.no>

Sendt: 08.05.2023 09:32:21

Til: Liv Oda Dale <liv.oda.dale@masfjorden.kommune.no>

Emne: VS: Hjortejakt, Eikemo/Stallane/Solhaug

Før på sak 23/128

Med helsing

Ottar Myrtveit

Fagkonsulent

Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES

Direkte: 56166272, Sentralbord: 56166200, Mob: 924 14 316

E-post: ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no/>

Fra: Jens M. Bernssen <jensmbernssen@gmail.com>

Sendt: søndag 7. mai 2023 18:41

Til: Ottar Myrtveit <Ottar.Myrtveit@masfjorden.kommune.no>

Emne: Hjortejakt, Eikemo/Stallane/Solhaug

1. I utgangspunktet ser me ikkje nokon grunn til å auka kvoten, men dersom det hadde vore mogleg til å søka ekstra løyve dersom det skulle bli aktuelt, hadde det vore fint. Dersom kommunen til dømes set av ein pot på 10-20 dyr, så kan dei som fyller kvoten og er plaga med mykje hjort, søka om ekstra løyve, gjerne etter ein viss dato.
2. Her på Eikemo ser me at det er mykje bukk i forhold til kolle/kalv. I fjor kunne me skote fleire bukkar, medan me ikkje såg kolle og kalv. Så for oss hadde det vore ein stor fordel med fleire bukkeløyve, evt frie dyr.
Dei siste kveldane har det vore nærer 40 hjort på bøen, og eg vil anslå (litt vanskeleg å sei eksakt no når bukkane har felt geviret) at av desse er det 20-30 bukkar. I fjor var ca 2/3 av dyra på bøen bukk.
3. Ordninga med fri kalv kan gjerne fortsetja.
4. Ordninga med skrapdyr på kalv under 18 kg kan fortsetja.
I tillegg vil eg koma med eit ynskje om at dersom ein skyt vaksne dyr (1.5 år og eldre) under 35 kg, får ein betala for kalv, og at i kvoten vert dette registrert som kalv (ein legg inn vakse dyr med slaktevekt i "Sett og skutt" for å få statistikken til å stemma). Då vil det bli meir interessant å skyta mindre dyr, og målet er vel å få bort desse små dyra? Vert det slik som i fjor, betalar ein for vaksne dyr, men får berre kjøtt som for kalv.
5. Eikemo/Stallane/Solhaug vart samslått for ca 10 år sidan, utan at dette førte til auka kvoter eller ein tre års avskytingsplan.
6. Eg er og med i eit jaktlag i Lindås, der ein får tildelt ein treårsplan for avskyting. Dette fungerer fint der, og kunne og vore ynskjeleg å fått til her og.

1. Ynskjer ein fleire dyr, ferre dyr, eller uendra tildeling ut frå 2022? Om ein ikkje svarar tildeler kommunen/TU slik me finn rettast. Sjå vedlegg for historikk.
2. Er fordelinga grei med **10% pinnebukk 10% bukk, 20% fjordkulle, 30% kulle og 30% kalv?**
(Avskytinga i 2022 vart: 13% « 13% « 18% « 25% kulle 31% kalv)
3. Bør kommunen fortsetja med ordninga fri kalv? Vil du ha fri kalv i ditt vald? Sjå vedl.2
4. Er det greitt å fortsetja ordninga med skrapdyr på 18 kg kalv?
5. Kan det vera aktuelt med samanslåing med nabovald og automatisk auka tildeling om ynskjeleg?
6. Forslag til endring av tildeling eller andre punkt ?

Mvh

Jens M Bernssen

Valdansvarleg Eikemo/Stallane/Solhaug